

Årsrapport for Strandebarm Sokneråd for året 2018

Medlemer i soknerådet: Anne Marie B Berge (leiar), Åse Sandnes Fosse (nestleiar), Olav Tombre (skrivar), Brita Kolltveit (kasserar), Torill Gjerde, Siv Ljones, Kristian Neteland, Anne Kristin Aasen Gjerstad og sokneprest Roar Strømme.

Varamedlemer: Gunn Bjørg Håland Thorbjørnsen, Vigdis Bru Haugarvoll, Linn-Jeaneth Strømmen, Ketil Karlsen, Lillian Hjartåker Fosse

Representantar i Kvam Kyrklelege fellesråd:

Olav Tombre (vara er Brita Kolltveit) og Kristian Neteland (vara er Siv Ljones)

Kontaktpersonar for trusopplæring: Anne Kristin Aasen Gjerstad og Siv Ljones

Årsmøtet var etter gudstenesta sundag 18.mars. Leiar las opp årsrapporten og Brita Kolltveit la fram revidert rekneskap for 2017. Rapport og rekneskap for Kyrkjelydshuset presenterte Lars Gjerde. Det var ingen merknader.

Soknerådet har hatt 7 møter og 48 saker er handsama.

Nokre saker dette året

Bispevisitas

Biskop Halvor Nordhaug var på visitas i Kvam (31.mai-4.juni). Han understreka m.a. at både vaksne, born og unge treng undervisning i kristen tru. Temakveldane som har vore i Strandebarm om «Barnetrua på service» nemnde han som eit godt tiltak og oppfordra kyrkjelydane til å ha ulike typar bibeltimar for vaksne.

Biskopen la også vekt på at det normale for kyrkjer rundt i heile verda er at det er gaver frå kyrkjelydane som er inntektskjelda. Sjølv om vi skal vera glade for alle offentlege tilskot, så må vi tenkja at det er naturleg og nødvendig at også vi må gje gaver til vår kyrkje sitt arbeid.

Gudstenestene er pulsslaget i kyrkja: her kan ein samlast på sundagen som kristne alltid har gjort for å tilbe Gud, få næring for trua og for å møte kvarandre.

Diakoni

Alle sokneråda har vedteke ein diakoniplan der noko er fellesoppgåver medan anna er lokale tiltak. Diakoni er «Kristendom i praksis» og kyrkja si omsorgsteneste. Temakveldar, konfirmantjubileum og ulike samlingar for born/unge er med på å byggja fellesskap i bygdene våre. På desse måtane kan nestekjærleik og inkluderande fellesskap koma til uttrykk. Kyrkja ynskjer også å arbeida for vern av skaparverket og for rettferd for alle menneske.

I lag med dei andre sokneråda arbeider ein no for å få tilsett diakon i 50%-stilling i 3 år.

Senkinga av kister

Soknerådet har lagt til rette for at ved gravferder kan kistene no bli senka med tau i staden for med senkeapparat.

Orgelet i kyrkja

Dette treng no omfattande vedlikehald og reparasjon. Innsamling av pengar til dette arbeidet er starta opp.

Litt frå årsstatistikken (fjoråret i parentes)

Gudstenester: 25 (24) På Strandebarmsheimen: 2 Gudstenester og 16 (15) andaktar

Døypte: 13 (13) Konfirmerte: 13 (20) Vigsel: 4 (4) Gravlagde: 16 (14)

Samla offer var kr.62 443 (kr.64 506). Offer til kyrkjelydsarbeidet var kr 13 950 (kr 19.614)

Arbeidet i kyrkjelyden

Gudstenestene

Vanlegvis har det vore gudstenester andre- eller tredje-kvar sundag. I sommarmånadene har det vore fellesgudstenester for alle sokna. Frammøte har variert svært mykje. Tilsaman har over 2200

delteke.

Dåpssamtalar

Dei aller fleste borna i bygdene våre vert døypte i kyrkja. Presten har alltid samtale med foreldre og evt. den som skal døypast på førehand. Det er ganske vanleg at nokre av konfirmantane ikkje er døypte som born og at dei vert døypte før konfirmasjonen.

Tiltak for born og ungdommar (trusopplæring)

For alle sokna i Kvam er det tilsette (kateket og kyrkjelydspedagog) som har ansvaret og opplegget for ulike samlingar for born/unge. Før arrangementa vert det sendt invitasjon til dei som er medlemmer, men alle er sjølv sagt velkomne til å delta. Det er svært gledeleg at dei aller fleste i målgruppa møter opp på dei aktuelle arrangementa.

Babysong

Dette er for dei aller minste. I år har det ikkje vore i Strandebarm, men det vart sendt invitasjon til å vera med på babysong i Norheimsund og nokon har vore med der.

4-års bok

Borna fekk utdelt boka på gudstenesta 28.okt og veka før var borna og føresette med på ei samling i kyrkja/kyrkjelydshuset

Nye 1.klassingar

Boka vart utdelt sundag 10. juni. Også desse hadde ei samling i veka før. Der fekk dei syngja, tenne lys, høyre bibelforteljing, ha ulike aktivitetar og felles måltid.

Tårnagentar (3.-4.klassingar)

Dette føregjekk både laurdag og sundag (4.feb). Målet er m.a. at borna skal bli kjent i kyrkjebygget og få eit forhold til kyrkja og kyrkjekunsten vår. Og at borna også skal få ei aning av at det er åndelege skattar i kyrkja. Sjølv sagt er det også song og bibelforteljing, fellesmåltid og kjekke aktivitetar.

Lys vaken (5.-6.-klassingar)

Dette er eit opplegg som gjev ei spesiell oppleveling i kyrkja. Borna samlast laurdag ettermiddag og overnattar i soveposar inne i kyrkjerommet. Foreldre hjelper til som brannvakter mm. Borna er med på å førebu og delta på gudstenesta på sundag.

Samarbeid med barnehage og skule

Før påske- og julehøgtida inviterte kyrkjelydspedagogen barnehagane til kyrkje med tilrettelagt program. Tradisjonen tru, var det også dette året skulegudsteneste.

Konfirmantarbeidet

Dei aller fleste 9.-klassingane frå Strandebarm og Tørvikbygd tek del i konfirmantarbeidet. Ca. to gongar i månaden har dei samlingar med presten og kateketen i kyrkjelydshuset . Konfirmantane har deltatt på fleire gudstenester. I samband med innsamlinga til Kirkens Nødhjelp (fasteaksjonen) gjorde dei (og mange foreldre) ein stor innsats. I påskehelga var dei fleste med på ein leir i Etne saman med mange andre konfirmantar.

Fest for konfirmantane med føresette

Soknerådet arrangerte denne festen etter samtalegudstenesta. Då var det Taco, kaker og litt underhaldning.

Konfirmantjubileet

Det var i midten av september. Kyrkjekontoret hjelper til med å finna namn på 50- 60-70-75-årsjubilantar. Også i år var det godt oppmøte og mange uttrykkjer takksemd for at soknerådet lagar til denne festen.

Andre arrangement dette året

I samarbeid med styret for Kyrkjelydshuset har det vore fleire temakveldar: «Møte med menneske i Nepal» med Tore og Ragnhild Skeie, 2 Song- og musikk-kveldar ved Hallgeir Åse og Helena Solberg og ein temakveld om menneskeverd ved Roar Strømme.

Konsertar i kyrkja

Det har vore 4 konsertar. Særslig gledeleg var det at Kinckdagane arrangerte konsert med Arve Tellefsen, Knut Buen og Geir Botnen. Då var det fullt i kyrkja og soknerådet stilte som brannvakter.

Kyrkjebygget

Måling av våpenhuset er kome i gang. Ein del mindre vedlikehald på kyrkja er gjort: Mønekjølar, rekverket ved inngangspartiet og delar av bårehuset er måla og flikka.

Det er også planlagt å fjerna delar av nokre benker inne i kyrkja for at det skal bli betre plass for rullestolbrukarar.

Kyrkjelydshuset

I kyrkja sitt arbeid har huset vore brukt ca. 50 gongar. I tillegg vart huset brukt til minnesamvær (10), dåpsfestar (5), konfirmasjonsfest, julefest. Ulike lag/organisasjonar har også brukt huset. Tilsaman har det vore over 80 samlingar der.

Kyrkjebladet

Det har kome ut med 3 nummer. Dette året gjekk bladet med underskot som soknerådet har dekka. Vi takkar redaksjonsnemnda og alle som støttar kyrkjebladet.

Kyrkjeleg tilsette i 2018

Sokneprest i Strandebarm og Vikøy: Roar Strømme

Sokneprest i Øystese og Ålvik: Lars Arne Vik

Kyrkjeverje/dagleg leiar: Olav Skeie Lid

Sakshandsamar på kyrkjekontoret i Norheimsund: Anne Kari Sørheim

Kyrkjetenar: Monica Sørstrømmen Skogvoll. Vikar: Lillian Fosse

Organistar: Margrete Lid Kjosås (permisjon fram til 1.8.2018)

Sevinj Asgarova (permisjon frå sommaren 2018 til 1.8.2019)

Vikarar fram til 1.08.2018: Torgeir Solsvik (80%) og Nancy Sangolt (80%)

Astrid Johanne Gjestvang er tilsett som organistvikar fram til 1.08.2019

Kateket: Marna Roer (fram til 1.8.18). Daniel Gammelsæter (vikar hausten 2018).

Tilsett ny kateket frå 1.1.19: Mampion Andriamandimby

Kyrkjelydsmedarbeider: Solveig Lønning Sangolt (50%)

Klokkar: Lillian Fosse

Gravar/kyrkjegardsarbeidar: Heine Ugletveit

Avslutning

Dei fleste merkar ikkje så mykje til kyrkja sitt arbeid på vanlege dagar. Men dersom kyrkja skulle blitt lagt ned, så hadde det fått konsekvensar på mange måtar. For i løpet av dette året har svært mange (over 4000) vore innom kyrkja både i glede og sorg, på gudstenester og andre samlingar. I tillegg kjem dei tilstellingane kyrkja har hatt på Strandebarmsheimen, på Kyrkjelydshuset og med konfirmantarbeidet. Kyrkja når såleis svært mange i bygdene våre. Men samstundes er det ei utfordring at det er få som tenkjer at det er «sjølvsagt» å gå til kyrkje på ei vanleg gudsteneste der ikke noko spesielt skal skje. Vi ynskjer at fleire skal kjenne seg heime på gudstenestene.

Strandebarm sokneråd har fått mange gode tilbakemeldingar på det arbeidet dei tilsette gjer i trusopplæringa. Soknepresten vår har ved forkynninga i kyrkja og i samtalar vore med på styrka mange både i tru og tanke.

Vi vil også takka for godt samarbeid med alle dei tilsette. foreldre/føresette og andre frivillige som deltek på ulike måtar.

Strandebarm 12.03.2019

Anne Marie Bogetveit Berge (leiar)